

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref.  
201201103-/DAN

Vår ref.  
201205542 EO ATV/OKL/mk

Dato  
24.08.2012

## Habilitetsvurdering av statsråd Trygve Slagsvold Vedum

### 1. INNLEIING

Vi viser til brev 17. august 2012, der Landbruks- og matdepartementet ber om ei vurdering av statsråd Trygve Slagsvold Vedum sin habilitet i tomtefestesaker. Dette gjeld både for tomtefestesaker generelt og særskilt for saker knytte til Statskog SF. Vidare er spørsmålet om statsråd Vedum kan vere med på regjeringa si behandling av tomtefestesaker, til dømes regjeringa si vidare behandling av dommen frå Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) 12. juni 2012.

I brevet er bakgrunnen for saka uttrykt slik:

«Statsråd Vedum er gift og hans kone eier sammen med to andre søskjen en hytte/fritidsbolig i Hvaler kommune som står på festet tomt, gnr. 42, bnr 7. Statsrådens kone er således fester (leietaker) i en avtale om tomtefeste. I skjøtet, tinglyst 18. mars 2008, oppgis salgsverdien å være kroner 1 150 000,-. Tomten er ca 1 dekar stor og eiendommen er i konas særeie. Festekontrakten ble inngått mellom grunneier og tidligere fester i 1964 for en periode på 99 år regnet fra 1. januar 1964. Årsavgiften ble da satt til kroner 100,-. Partene har rett til å kreve avgiften regulert hvert 10. år. Ved uenighet fastsettes avgiften ved skjønn. Fra 2000 er den årlige avgiften oppregulert to ganger, i år 2000 til kroner 455,- og sist i år 2010 til kroner 660,-.

I tillegg har statsrådens foreldre en hytte/fritidsbolig som står på festet tomt i Øystre Slidre kommune, gnr. 53 bnr. 1. I dette avtaleforholdet er det Statskog SF som er bortfester. Kontrakten ble inngått i 1988, med en årsavgift på kroner 1 260,-, og med opphørsdato 1. januar 2048. Av avtalen følger at avgiften reguleres hvert 10. år eller så ofte tomtefesteloven tillater, i samsvar med endringer i konsumprisindeksen. Hver av partene har også rett til å kreve avgiften fastsatt ved skjønn hver annen avgiftsregulering, likevel ikke oftere enn hvert 20. år. I 2010 ble

det inngått avtale om årlig regulering etter konsumprisindeksen, avgiften ble da satt til kroner 1 291,-. I dag er den årlige festeavgiften kroner 1 333,-.»

## 2. RETTSLEGE UTGANGSPUNKT

Dei lovfesta reglane om når ein offentleg tenestemann er inhabil, finn ein i forvaltningslova kapittel II, med sentrale føresegner i § 6. Denne paragrafen har følgjande ordlyd:

«§ 6 (abilitetskrav).

En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltingssak

- a) når han selv er part i saken;
- b) når han er i slekt eller svigerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken;
- c) når han er eller har vært gift med eller er forlovet med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til en part;
- d) når han er verge eller fullmektig for en part i saken eller har vært verge eller fullmektig for en part etter at saken begynte;
- e) når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for 1. et samvirkeforetak, eller en forening, sparebank eller stiftelse som er part i saken, eller 2. et selskap som er part i saken. Dette gjelder likevel ikke for person som utfører tjeneste eller arbeid for et selskap som er fullt ut offentlig eid og dette selskapet, alene eller sammen med andre tilsvarende selskaper eller det offentlige, fullt ut eier selskapet som er part i saken.

Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.

Er den overordnede tjenestemann ugild, kan avgjørelse i saken heller ikke treffes av en direkte underordnet tjenestemann i samme forvaltningsorgan.

Ugildhetsreglene får ikke anvendelse dersom det er åpenbart at tjenestemannens tilknytning til saken eller partene ikke vil kunne påvirke hans standpunkt og verken offentlige eller private interesser tilsier at han viker sete.

Rekkevidden av annet og fjerde ledd kan fastlegges nærmere ved forskrifter som gis av Kongen.»

Ein statsråd er omfatta av forvaltningslova kapittel II, inkludert § 6, når han opptrer i eigenskap av øvste leiar for eit departement. Inabilitetsreglane i forvaltningslova gjeld derimot ikkje for statsrådar «i eigenskap av regjeringsmedlem», jf. forvaltningslova § 10 andre punktum. Det gjeld visse ulovfesta inhabilitetsreglar når statsråden opptrer som regjeringsmedlem, og desse reglane vil i mange tilfelle føre til same resultat som forvaltningslova § 6. Desse ulovfesta reglane fører ikkje til ei strengare vurdering av habilitet for statsrådar i eigenskap av regjeringsmedlem enn for statsrådar i eigenskap av leiar for eit departement. I enkelte tilfelle kan vurderinga heller bli mildare, jf. uttala frå Lovavdelinga 30. august 2011 (snr. 201105213) og Frihagen: «Inabilitet etter forvaltningsloven» (1985) side 442. Av praktiske grunnar drøftar vi alle spørsmåla med utgangspunkt i dei lovfesta føresegne i forvaltningsloven § 6.

Vi har ikkje opplysningar som tydar på at nokon av de absolutte inhabilitetsgrunnene i forvaltningslova § 6 første ledd er aktuelle. Spørsmålet blir om statsråden vil kunne vere

inhabil etter den skjønnsmessige føresegna i § 6 andre ledd, som slår fast at ein tenestemann òg er inhabil dersom det ligg føre «andre særegne forhold ... som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet». Mellom anna skal det leggjast vekt på om avgjerda i saka kan innebere «særlig fordel, tap eller ulempe» for han sjølv eller nokon han har «nær personleg tilknytning til». Denne vurderinga kan kome opp i mange ulike situasjonar. Det ligg ikkje føre informasjon som tilseier at statsråd Vedum sjølv kan få særlig «fordel, tap eller ulempe» av utfallet av dei aktuelle tomtefestesakene, men eit spørsmål er om dette kan gjelde hans nærtståande. Både ektemake og foreldre må reknast som nokon ein normalt har «nær personleg tilknyting til».

I plenumsorskurden i Rt. 2007 side 705 var temaet om enkelte høgsterettsdommarar var inhabile etter domstollova i tre saker der spørsmålet var om føreseggnene i tomtefestelova om retten til forlenging av festetilhøva og innløysing av festetomter var i strid med Grunnlova. Avgjerande etter domstollova § 108 var ifølgje Høgsterett «hvilken konkret og aktuell betydning Høyesteretts standpunkt i de tre sakene kan få for de aktuelle festeforholdene» (avsnitt 26). I avsnitt 27 er det også uttrykt slik at «[d]ersom avgjørelsen vil kunne ha konkret og aktuell betydning for dommeren eller dennes nærmestes rettsstilling, må dommeren ... vike sete». Det ble lagt til at «den økonomiske interessen i sakens utfall [må] ha et visst omfang for å kunne begrunne inhabilitet» (avsnitt 26).

Ved vurderinga av den enkelte dommaren sin habilitet kunne det etter Høgsterett sitt syn «ikke legges særlig vekt på at vi har minst 300.000 festeforhold i Norge slik at en betydelig andel av befolkningen – eventuelt deres nærtstående eller venner og bekjente – kan berøres av de standpunkt Høyesterett inntar». Det vart vist til at «det er tale om individuelle festekontrakter hvor den enkelte bortfester har krav på å få prøvd hva vedkommende må akseptere uten at løsningen blir grunnlovsstridig» og at «det [ikke] kan tillegges vekt at også en rekke andre avgjørelser Høyesterett treffer kan få betydning for en stor del av Norges befolkning – inklusive dommerne selv» (avsnitt 27).

Etter dette var seks dommarar kjent inhabile som følgje av tilknyting til festekontraktar. Ein dommar var sjølv festar saman med ektemaken, i to tilfelle var ektemaken festar saman med sysken, ein dommar sin tidlegare ektemake var festar av ein eigedom som truleg ville gå over til felles born, og i to tilfelle hadde dommaren si mor bustad i eit sameige som hadde tomt på festa grunn. I samsvar med det oppstilte vurderingstemaet gikk Høgsterett konkret inn på kva verknad Høgsteretts avgjørder kunne få for dei ulike dommarane eller deira nærmaste. – Fem andre dommarar vart kjent inhabile av andre grunnar.

Domstollova § 108 har tilsvarande ordlyd som forvaltningslova § 6 andre ledd, noko som isolert sett kunne tale for at den terskelen Høgsterett i Rt. 2007 s. 705 bygde på for å konstatere inhabilitet, kan leggjast til grunn også ved vurderinga etter forvaltningslova § 6 andre ledd.

Allereie samanhengen mellom domstollova §§ 106 og 108 på den eine sida og forvaltningslova § 6 første og andre ledd på den andre sida talar likevel for at krava etter forvaltningslova § 6 andre ledd ikkje er dei same som etter domstollova § 108: Færre tilfelle fører utan vidare til inhabilitet etter forvaltningslova § 6 første ledd enn etter domstollova § 106. Både forvaltningslova og domstollova byggjer på at dei inhabilitetsgrunnane som er særskilt nemnde i lova, gjev ei viss rettleiing for når ein er inhabil etter høvesvis forvaltningslova § 6 andre ledd og domstollova § 108. (Sjå til illustrasjon Rt. 1998 s. 1398 på s. 1410 om eit tilfelle om høvet mellom forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e og § 6 andre ledd.) Dermed skulle færre tilfelle føre til inhabilitet etter forvaltningslova § 6 andre ledd enn etter domstollova § 108.

Også førearbeida til forvaltningslova bygger på at vurderinga etter forvaltningslova § 6 andre ledd ikkje er like streng som etter domstollova § 108. Vi viser her til Forvaltningskomiteen si innstilling (1958) s. 145:

«Det vil være naturlig å ta som utgangspunkt de habilitetskrav som er fastslått for dommere i Dl. §§ 106–108. Som det fremgår av fremstillingen foran under I, 1, er disse til dels gjort uttrykkelig gjeldende på enkelte forvaltningsområder og ellers brukt som mønster på mange andre felter. Men skal habilitetskravene gjelde generelt for hele forvaltningen, kan man ikke gå så langt og heller ikke gjøre bestemmelsene så detaljerte som i domstolloven. Bestemmelser om habilitet med ganske stor rekkevidde har man også i kml. § 15, og disse stiller mer beskjedne krav enn de som følger av domstolloven. Særskilt kan man merke seg at slektskapsforholdet med parten etter Dl. § 106 nr. 2 går helt til søskjenbarn, mens kml. § 15 bare går til søsken. I lovgivningen for øvrig varierer dette; så langt som til søskjenbarn går f.eks. skogkonsesjonsloven, skatteloven, alderstrygdloven og syketrygdloven; bare til søsken går vergemålsloven og sysselsettingsloven.

Det mest hensiktsmessige turde derfor være at man ønsker å bygge bro over til de mer begrenseide habilitetsbestemmelser i kml. § 15. Denne bestemmelse dekker i det vesentlige Dl. § 106 nr. 1 og § 106 nr. 2 + noe av nr. 3. Men det er i og for seg ingen grunn til å holde utenfor de personlige forhold som omhandles i resten av Dl. § 106 nr. 3 og 4; det vil i alminnelighet være all grunn til å utelukke en tjenestemann som er verge for eller fosterfar til en part. Likedan kan det være grunn til å ta med de mer upersonlige tilknytningsforhold som er omhandlet i § 106 nr. 5. For øvrig må man i forvaltningen nøye seg med den mer alminnelige bestemmelse i § 108. Derved vil man bl.a. fange inn de tilfelle der en tjenestemann på annen måte enn etter § 106 nr. 1 og nr. 5 kan ha en særlig økonomisk interesse i saken, og likedan de tilfelle der han tidligere har behandlet samme saksforhold.»

Disse uttalelsene fra Forvaltningskomiteen er sitert i Ot.prp. nr. 38 (1964–65) s. 43–44 som bakgrunn for departementet sitt forslag til § 6 første og andre ledd, som seinare vart vedteke som lov.

At det vert stilt mindre strenge krav etter forvaltningslova § 6 andre ledd enn etter domstollova § 108k, er òg lagt til grunn i den juridiske litteraturen. I Eckhoff/Smith, Forvaltningsrett (9. utg. 2010) s. 226 vert det uttrykt slik:

«Ved anvendelsen av annet ledd gir bestemmelsene i første ledd en viss veiledning ved å tjene som målestokk for hvor streng man bør være. Siden disse bestemmelsene er mindre strenge enn de tilsvarende i domstoll. § 106, kan det være grunn til også å stille mindre strenge krav etter fvl. § 6 annet ledd enn det gjøres etter domstoll. § 108 – til tross for at de to bestemmelsene langt på vei har samme ordlyd. En slik tendens må begrunnes i praktiske behov i forvaltningens virksomhet – den behandler langt flere saker enn domstolene, og meningen har ikke vært å gjøre den ute av stand til å opprettholde normal virksomhet.»

Vi viser også til Skoghøy, Tvistemål (2010) s. 153 og Frihagen, Inabilitet etter forvaltningsloven (1985) s. 45, 52 og 195. Med sikte på den generelle forståinga av forvaltningslova § 6 andre ledd peikar Frihagen (s. 195) på at «[b]åde lovteksten og forarbeidene gjør det klart at forvaltningsloven her skulle stille mindre krav enn domstolsloven».

Kor stor skilnad det blir mellom forvaltningslova § 6 andre ledd og domstollova § 108 når det gjeld terskelen for å konstatere inhabilitet kan nok variere med tilhøva, mellom anna ut frå kor stor vekt ein legg på omsynet til at høvesvis dommarane og tenestemennene vert oppfatta som upartiske i ulike typar saker. For forvaltninga kan praktiske omsyn etter tilhøva slå gjennom i noko større grad enn i domstolane. I ein del typar saker kan det i alle tilfelle vere vanskeleg å samanlikne habilitet for dommarar og forvaltninga. Som eit døme – blant ein rekkje mogelege – kan berre domstolane med endeleg verknad slå fast om ein lov i eit konkret tilfelle fører til resultat som stirr mot Grunnlova (slik temaet var i Rt. 2007 s. 705).

Vi legg til at det for andre spørsmål om tolkinga av forvaltningslova § 6 andre ledd enn det som gjeld terskelen for å konstatere inhabilitet, kan vere meir nærliggjande å finne rettleiing i tolkinga av domstollova § 108.

Med sikte på saka her er det også grunn til å sitere Forvaltningskomiteen si drøfting av kva avgjerder habilitetskrava burde gjelde for (s. 146):

«Ved utfordringa av generelle bestemmelser vil inhabilitetsspørsmålet ikke lett dukke opp fordi man her vanligvis ikke vil kunne tale om parter. Men på visse områder vil det i allfall kunne tenkes å gjøre seg særlige interesser gjeldende – f.eks. når en administrativ lovforskrift bare vil få anvendelse for et meget begrenset antall personer, og en av disse er i slekt med sjefen for det forvaltningsorgan som utfordriger forskriften. I slike tilfelle bør nok reglene gjelde. Men for øvrig vil det vanlige være at habilitetsreglene ikke får anvendelse ved generelle avgjørelser.»

Ved revisjonen av forvaltningslova § 6 i 1977, der momenta i forvaltningsloven § 6 annet ledd annet punktum vart tilføydde, er mellom anna følgjande sagt om forståinga av § 6 annet ledd (Ot.prp. nr. 3 (1976–77) s. 62–63):

«Et viktig moment ved vurderingen etter § 6 annet ledd er om saksutfallet kan gi tjenestemannen en særskilt blempe eller fordel. Dersom hans interesse i saken er meget sterkt, kan § 2 første ledd bokstav d gjøre at han må ses som part i saken. I så fall er han ugild etter § 6 første ledd. I andre tilfelle avhenger spørsmålet av hva § 6 annet ledd fører til.

Her må man ta hensyn til hvor sterk tjenestemannens interesse i saken er. Som utgangspunkt spiller det ingen rolle hva slags fordel eller ulempe det er tale om. Det kan være mange slag: en bevilling til en konkurrerende næringsutøver i samme distrikt kan redusere inntektsmulighetene. Dispensasjon i en byggesak kan skape presedens som gjør at tjenestemannen senere må få tilsvarende dispensasjon. Men forutsetningen er at det dreier seg om ulemper eller fordeler som gjør seg særskilt gjeldende for tjenestemannen eller et begrenset antall personer, ikke at avgjørelsen generelt kan gi like stor fordel eller ulempe for en større og ubestemt personkrets. Av den grunn skal det forholdsvis mye til for at en tjenestemann er ugild til å behandle en sak om utferdigelse av forskrifter.»

### **3. SPØRSMÅL OM STATSRÅD VEDUM SIN HABILITET I ULIKE SITUASJONAR**

#### **3.1 Generelle saker om tomtefeste**

Ut frå det som er sagt ovanfor, skal det mykje til før det ligg føre inhabilitet etter forvaltningslova § 6 andre ledd i saker av generell karakter. Dette gjeld også for saker om tomtefeste, og sjølv om avgjerda i saka får visse verknader for kontraktar som tenestemannen eller hans nærmeste er part i. Det vil vere ei svært stor gruppe som er omfatta av slike generelle tomtefestesaker. Etter det vi har fått opplyst eksisterer det minst 300.000 festetilhøve i Noreg, og endå langt fleire personar vil vere part i eller vere nærståande til ein part i slike avtaler. I slike generelle saker vil det normalt ikkje vere nokon som er «part» i forvaltningslova sin forstand, og avgjerder i slike saker vil oftast ha verknad for større personkrinsar. Vi viser særleg til synspunkta frå forarbeida til forvaltningslova som vi har sitert ovanfor.

Dette kan likevel stille seg annleis dersom saka i realiteten berre vil ha verknad for nokre få personar, til dømes av di få rettssubjekt er i ei slik stilling at avgjerda påverkar dei. Sjå om dette i uttalene frå Lovavdelinga 9. desember 1997 (snr. 199711160) og 12. november 2009 (snr. 200907092). Vi har ikkje haldepunkt for noko slikt i dette tilfellet. Dei aktuelle festekontraktane skil seg ikkje mykje ut frå mange andre festekontraktar, og det er heller ikkje noko anna som tilseier at avgjerder i generelle saker skal få nokon særskilt verknad for desse kontraktane. Vi finn difor ikkje noko grunnlag for at dette er å rekne som «særegne forhold», og statsråd Vedum er etter vår vurdering som utgangspunkt ikkje å rekne som inhabil i generelle saker som omhandlar tomtefeste. Om det skulle dukke opp heilt særlege tilhøve som fører til at Vedum kan tenkja å bli inhabil i ei sak som i utgangspunktet er av generell karakter, treng vi ikkje å ta stilling til. Eit slikt tilfelle måtte i alle høve vurderast konkret.

#### **3.2 Enkeltsaker om tomtefeste**

Når det gjeld enkeltsaker om tomtefeste, eksisterer det svært mange ulike festekontraktar, og det oppstår mange ulike spørsmål i tilknyting til desse. Vi kan ikkje sjå at statsråd Vedum kan vere inhabil i saker som klart nok berre gjeld andre spørsmål

enn dei som kan kome opp i tilknyting til kontraktane kona og foreldra hans er partar i. Til dømes kan det vere tale om spørsmål som ikkje er aktuelle for dei sistnemnde kontraktane. Dersom saka ikkje vil kunne ha konkret og aktuell verknad for dei aktuelle festetilhøva, er heller ikkje momenta frå høgsterettsorskurden aktuelle her. Det ligg etter vår vurdering difor ikkje føre «særegne forhold» som kan medføre inhabilitet for statsråd Vedum i slike tilfelle.

Dersom det kjem tilfelle der departementet får ei enkeltsak til avgjerd som omhandlar identiske eller liknande spørsmål som for dei kontraktane som dei kona eller foreldra er part i, slik at avgjerda i saka vil kunne få konsekvensar for deira festetilhøve, må det avgjerast ut frå dei konkrete omstenda om det ligg føre «særegne forhold» «som er egnet til å svekke tilliten til» at statsråden er upartisk i saka og dermed inhabil. Høgsterett si avgjerd i Rt. 2007 s. 705 vil kunne gi ei viss rettleiing for avgjerda om statsråden er habil til å behandle ei slik sak, kanskje særleg med sikte på kva moment som er relevante i vurderinga, sjølv om det altså skal meir til før ein er inhabil etter forvaltningslova. Sentrale moment i ei slik vurdering vil elles vere kva for spørsmål saka nærare omhandlar, kva for verknader saka kan få for kontraktstilhøva statsråden har tilknyting til, og kor mange festarar det handlar om. Vi nemner at i vurderingar etter forvaltningslova § 6 andre ledd vil generelt ein ektemake som har interesser i saka, i stor grad bli identifisert med tenestemannen. Sjå om dette Frihagen, Inabilitet etter forvaltningsloven (1985) side 223–224 og Lovavdelinga si uttale 3. november 2005 (snr. 200507435). Vi finn ikkje grunn til å gå nærmere inn på slike eventuelle tilfelle her.

### 3.3 Saker som gjeld Statskog SF

Eit anna spørsmål er om statsråd Vedum på grunn av dei to nemnde festekontraktane er inhabil i saker som gjeld Statskog SF. Den eine kontrakten inneber at foreldra hans festar hyttetomt av Statskog. Statsføretaket Statskog driv etter det opplyste næringsverksemد innanfor fire hovudnæringar, der eigedom er ein av dei. Føresetnaden for at det kan bli spørsmål om inhabilitet må i tilfelle vere at saka er relatert til tomtefeste.

Vi forstår det slik at Statskog opererer med ulike variantar av standardiserte kontraktar utan individuelle tilpassingar. Dersom det kjem opp saker som gjeld alle eller monalege delar av Statskog sine rundt 11 000 tomtefestetilhøve, vil dette etter vår vurdering ha mykje til felles med generelle saker om tomtefeste, og ikkje kunne samanliknast med enkeltsaker, jf. ovanfor i punkt 3.1 om generelle saker. Vi kan difor ikkje sjå at statsråd Vedum er inhabil til å behandle slike saker.

Dersom det skulle kome opp enkeltsaker eller saker som berre gjeld eit fåtal kontraktar, må vurderinga langt på veg bli den same som omtala ovanfor i punkt 3.2.. Dersom dei aktuelle sakene klart nok gjeld andre spørsmål enn dei som er aktuelle for kontrakten foreldra er partar i, og avgjerda i saka difor ikkje vil kunne få konkrete og aktuelle konsekvensar for foreldra sitt festetilhøve, vil ikkje statsråden vere inhabil.

Dersom det oppstår saker med tilsvarende spørsmål som for den kontrakten foreldra er partar i, og den aktuelle avgjerdet vil kunne få konsekvensar for deira festetilhøve, må det òg her avgjerast ut frå dei konkrente omstenda om det ligg føre «særegne forhold» som kan medføre inhabilitet for statsråden. Vi viser også her til det som er sagt ovanfor, særleg i punkt 3.2.


### **3.4 Særleg om oppfølging av dommen frå EMD 12. juni 2012 (Lindheim o.a. mot Norge)**

Det vi har sagt ovanfor, vil kunne gi rettleiing også med sikte på statsråd Vedum si behandling av dommen frå EMD 12. juni 2012.

Oppfølging av denne dommen kan ha verknader på to plan. For det første kan det tenkast at oppfølging har særlege konsekvensar for dei som er partar i den konkrente rettstvisten som EMD har behandla. Vi kjenner ikkje til at statsråd Vedum har særlege band til nokre av desse partane. Det er dermed ikkje aktuelt å drøfte inhabilitet på det grunnlaget.

For det andre kan oppfølging av dommen føre til drøfting av generelle tiltak, typisk gjennom spørsmål om ei lovendring. Synspunkta i punkt 3.1 vil gi rettleiing også i slike tilfelle. Føresetnaden for at det kan bli tale om inhabilitet etter forvaltningslova § 6 andre ledd, må vere at tiltaket gjeld spørsmål som kan oppstå for dei to festetilhøva som er nemnde. Også under denne føresetnaden skal det mykje til før det kan bli tale om inhabilitet, slik at det i utgangspunktet ikkje ligg an til at statsråden kan bli inhabil. Skulle det likevel være aktuelt med ei nærmere vurdering, vil relevante moment vere mellom anna kor generelle verknader tiltaket har, kor store konsekvensar det er tale om generelt for festeforhold som blir omfatta, og særskilt for festeforholda til foreldra og ektemaken til statsråd Vedum, om tiltaket er meint å vere midlertidig eller meir permanent, kor direkte avgjerdet i saka verkar inn på rettsstillinga til statsråd Vedums foreldre eller ektemake og kor nært i tid verknadene vil kunne inntreffe. Så langt eventuelle tiltak gjeld lenging ved utløpet av festekontrakten, nemner vi at spørsmålet for dei to tomfestekontraktane det er tale om her, ligg dette mange år fram i tid.

Med helsing

  
Arnulf Tverberg e.f.  
lovrådgjevar

  
Ole Knut Løstegaard  
rådgjevar